



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 09.06.2017
Vår ref.: 2017/3381-3
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 17/1166 – 17/10781

Att. Kjartan Nyhammar

Tilbakemelding etter kulturhistorisk synfaring - søknad om nydyrkning - gnr 106 bnr 17 - Fanebust - Lindås kommune

Viser til brev datert 05.04.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn og vårt brev med varsel om kulturhistorisk synfaring datert 26.04.2017. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Den 08.06.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensial for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkningar i området.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt i samband med opparbeidning av feltet, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.